# Skulehelsetenesten i Vindafjord kommune

Jfr. "Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten" av 3.april 2003 er målet for tenesten å fremme psykisk og fysisk helse, fremme gode sosiale og miljømessige forhold, førebyggje sjukdom og skader.

Målet for alt helsearbeid i skulen er at eleven skal :
1. Sjå på helse som eit positivt begrep.
2. Oppleve trivsel og tryggleik.
3. Ha eit positivt sjølvbilde.
4. Forstå at helse også er eige ansvar.
5. Oppleve at dei er ein ressurs for seg sjølv og andre.

I Vindafjord kommune er det 9 barneskular, 3 ungdomsskular og 2 vidaregåande skular. Helsesøster har samtaletid ein heil dag kvar veke på ungdomskulane og ein halv dag på barneskulane.

Skulehelsetenesten (SHT) er leia av leiande helsesøster, i nært samarbeid med helsesøstrene, helsestasjonslegane og jordmor. Alle elevar vert kalla inn til lege når dei tek til på skulen. På seinare klassesteg vert ikkje alle elevar kalla inn, men ein følgjer opp dei elevar som SHT/ føresette meiner har trong for oppfølgjande kontrollar.

Me ønskjer eit godt samarbeid med heimane, og oppfordrar at dei føresette tek kontakt om det er noko dei ynskjer å drøfte om barnet sitt. SHT deltek i avsvarsgrupper, og kan sørgje for tilvising vidare til fastlege, lensmann, sosialtenesta, psykisk helseteneste, PPT, jordmor, ergoterapeut, fysioterapeut, SLT-koordinator, spesialisthelsetenesta og tannhelsetenesta. Barne – og familierettleiar i psykisk helseteneste skal særleg styrke det førebyggjande psykososiale arbeid og byggje opp tilbod til barn og unge som er i risikosonen og deira føresette.

SHT har eit nært samarbeid med skulen. Ein kan bidra til undervisning, gje råd til skulen om arbeidsmiljø, samt leggje forhold til rette for integrering av funksjonshemma elevar. Ved overgang frå barnehage – skule, barneskule – ungdomsskule, ungdomsskule – vidaregåande skule kan det være eit tverrfagleg møte mellom t.d PPT, barnevern, barnehage, skule og helsesøster for å sikre elevar med særskilde behov best mogleg læringsforhold.

Statens helsetilsyn sitt anbefalte vaksinasjonsprogram vil bli fylgt opp gjennom grunnskulen.

Personalet i SHT har samme teieplikt som anna helsepersonell.

Kommuneoverlege er medisinsk-fagleg rådgjevar for helsetenesta i kommunen. Lege tilknytt helsestasjon/ skulehelseteneste er fagleg rådgjevar for SHT. Helsesøster er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa av SHT.

Dei som ikkje ynskjer å gjere seg nytte av SHT, kan nytta sin fastlege for konsultasjonar og vaksinering ihht. Statens helsetilsyn sine anbefalingar for SHT.

Ølen 29.04.14

| | |
|---|---|
| Knut Omdal (sign.) | Maren T Hustoft(sign.) |
| Kommuneoverlege | Leiande helsesøster |

# SKOLEHELSETENESTEPLAN

| | |
|---|---|
| Skule-start<br>5 år | ***Helseopplysningsskjema til heimen**<br>*Høyrsel/høgde/vekt event. syn om usikkert resultat ved 4 år.<br>*Legeundersøking av alle, event. vise vidare til spesialist/fysioterapeut. Ryggsjekk.<br>*Invitasjonsbrev om undersøking av kjønslemlesting til aktuelle lands. |
| 2.klasse | ***Kikhoste/difteri/stivkrampe/polio vaksine**<br>*Obs eneurese, samt syn/høyrsel ved lesevanskar. Orientering om fargesyn til føresette.<br>*Høgde/vekt |
| | |
| 5.klasse | *Gruppesamtale om pubertet.<br>*Invitasjonsbrev om undersøking av kjønslemlesting til aktuelle landsgr. |
| 6.klasse | ***MMR – vaksine** |
| 7.klasse | ***Humant papillomavirus – vaksine (HPV) x 3 jenter**<br>*Undervisning om mobbing, psykisk helse, overgrep, vold etter avtale med skule saman med B/F – rettleiarane. |
| 8.klasse | ***Helseopplysningsskjema til eleven**<br>* Høgde/vekt.<br>* Målretta helseundersøking.<br>* Invitasjonsbrev om undersøking av kjønslemlesting til aktuelle landsgr.<br>* Informasjon på klassemøte til føresette |
| 9.klasse | *Undervisning om fysisk/psykisk helse etter avtale med skule saman med B/F – rettleiarane.<br>*Prevensjon, SOI, samliv, seksuell helse og legning |
| 10.klasse | ***Polio (elevar født før 1998)**<br>***Kikhoste/difteri/stivkrampe/polio vaksine (elevar født etter 1998)**<br>*Fullføre vaksinasjon på dei som manglar andre vaksinar.<br>*Utdeling av vaksinekort og informasjon om helsestasjon for ungdom. |


**Vindafjord Helsestasjon**
Skolehelseteneste
Rådhuset
5580 ØLEN

**Liv Eidhammer Mangrud er helsesøster på Vikedal skule.**

**Epost: Liv.Eidhammer.Mangrud@vindafjord.kommune.no**

**Telefon:: 488 90 928**